



## Møteprotokoll

Vår dato: 09.05.2016

**Aust-Telemark vassområde**

**Møte** : Styringsguppemøte  
**Møtestad** : Tinn landbrukskontor, Atrå  
**Møtedato/-tid** : 21.04.2016 kl 12.00 – 15.00

Møteleiar: Ragnar Gunleiksrud Referent: Liv R. Flå

**Styringsgruppa:**

Ragnar Gunleiksrud	Tinn kommune
Håvard Bakka	Telemark fylkeskommune (Tfk)
Børre Rønningen	Vinje kommune
Steinar Bergsland (vara)	Tinn kommune
Ole Henning Skogen (observatør)	Notodden kommune

**Arbeidsgruppa:**

Arne Kjellsen	Fylkesmannen i Telemark (FM)
Ingrid Strande	Telemark fylkeskommune (Tfk)
Bjørn Bjørnsen	Tinn kommune
Dorthe Huitfeldt	Vinje kommune
Jørn Ingar Sanda	Notodden kommune
Nicolai Østhus	Øst-Telemarkens Brukseierforening (ØTB)
Liv Rigmor Flå	Prosjektlear (PL)

Til dette første møtet i ny styringsgruppe, var også vararepresentantane invitert. Vararepresentant Stine Johanna Haugen (Vinje kommune) og Harald Kinck (fylkeskommunen) møtte ikkje.

Ole Henning Skogen møtte som observatør for Notodden kommune

**Dagsorden:**

Nr.	Sak
09.01	<b>Konstituering av ny styringsgruppe og val av leiar/ nestleiar</b>  Ragnar Gunleiksrud vart vald til ny leiar. Håvard Bakka vart vald til ny nestleiar.
09.02	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>

	Møteinnkalling og saksliste vart godkjent.
09.03	<p><b>Referatsaker/ Orienteringssaker</b></p> <p>1. <u>Orientering om forvaltningsplan for vannregion Vest-Viken 2016-2021 v/ Ingrid Strande.</u>  Dokument/ vedtak i fylkestinga ligg på  <a href="http://www.vannportalen.no/vannregioner/vestviken/plandokumenter1/planperioden-2016---2021/vedtatt-regional-plan-for-vannregion-vest-viken/">http://www.vannportalen.no/vannregioner/vestviken/plandokumenter1/planperioden-2016---2021/vedtatt-regional-plan-for-vannregion-vest-viken/</a></p> <p><u>Synspunkt/ kommentarar</u></p> <p>Rønningen: Vassdraga blir oftare påverka av store flaumar enn tidlegare. Arbeidsutvalet bør sjå på kva vi kan lære av dei to store flaumsituasjonane i Telemarksvassdraget i september 2015.</p> <p>Bergsland: Handtering av flaum inngår i kommunane sitt beredskapsarbeid.</p> <p>Østhus: NVE har gått gjennom manøvreringa til regulanten (ØTB) før og under flaumsituasjonane i 2014 og 2015, og vurderer at manøvreringa er innafør rammene til konsesjonen og manøvreringsreglementet. (Korrespondansen mellom NVE og ØTB i samband med flaumane i 2014 og 2015 er sendt ut til styringsgruppa og arbeidsgruppa i e-post 02.05.2016).</p> <p>Strande: Arbeidet etter vassdirektivet/ vassforskrifta er primært for å oppnå miljømålet om god vasskvalitet. Flaum påverkar vasskvalitet, men dette er naturlege prosessar. Flaumdemping er eit viktig tema i flomdirektivet ( ikkje innlemma i norsk lov).</p> <p>Strande: I regional plan kap. 4.1.3 blir nytteverdien av reguleringsmagasin i flaumsituasjonar omtala. I regionalt tiltaksprogram kap. 3.10 Tiltak mot flom, erosjon og skred blir det mellom anna nemnt at NVE vurderer flaumsikringstiltak etter § 12 i vassforskrifta.</p> <p>Kjellsen: Databasen Miljøkommune.no har svært mykje miljøinformasjon. Basen har lenke til vannforvaltning og Vann-nett på  <a href="http://www.miljøkommune.no/Temaoversikt/Vannforvaltning/Vannforvaltning-og-vannforskriften/">http://www.miljøkommune.no/Temaoversikt/Vannforvaltning/Vannforvaltning-og-vannforskriften/</a></p> <p>2. <u>Prosjektplan Aust-Telemark vassområde, versjon 20.05.2011. Med tillegg 1 (10.04.2014) og tillegg 2 (10.10.2015).</u>  Kortfatta orientering om oppbygginga av prosjektplanen v/ prosjektleiar. Planen har to tillegg fremst i dokumentet, som vart lagt til ved forlenging av prosjektet i 2015 og 2016.</p> <p><u>Kommentar:</u></p> <p>Strande: Planlagt prosjektavslutning var 31.07.2014. For å gjennomføre tiltaksprogrammet og rullere planen før neste planperiode, kan det vera hensiktsmessig å fortsetje arbeidet etter same organisering med vassområde som tidlegare. Arbeidet bør finansierast i 4-årsperiodar (følge kommunevalet), evt. 6-årsperiodar (følge planperioden).</p> <p>3. <u>Referat frå styringsgruppemøtet 07.05.2015.</u> Ingen spørsmål/ kommentarar.</p> <p>4. <u>Årsrapport 2015</u> (justert rapport er vedlagt)  Arbeidsgruppa har gått gjennom forslag til årsrapport, og gjort følgjande tilføyingar/justeringar i høve til årsrapporten som vart sendt ut med sakspapira:  -Under punkt E om “Forventningar til kommunane” er tilføydd at informasjon om vassforvaltingsarbeidet bør inngå i politikaropplæringa som kommunane gjennomfører etter</p>

	<p>kvart kommuneval, for å oppnå større bevisstgjeriing/ integrering av vassforvaltning i kommunale vedtak.</p> <p>-For å gjera dokumentet meir brukarvenleg skal forkortingar for namn/ begrep m.m. skrivast heilt ut.</p> <p>-For å skape større medverknad i arbeidet kan prosjektleiar invitere seg sjølv til årsmøte i lag/ foreiningar for å orientere om vassforvaltingsarbeidet (punkt D).</p> <p><u>Kommentarar:</u>  Gunleiksrud: Vassforvaltingsarbeidet etter vassforskrifta er omfattande. Det er ønskeleg at det blir orientert om forvaltingsplanen i kommunestyret. Dette vil skape større medverknad.</p> <p>Huitfeldt: For størst muleg utbytte, bør informasjonen knyttast til handsaming av ei konkret sak.</p> <p><u>Oppfølging:</u>  Kommentarane er føydd til under punkt D i årsrapporten.</p>
<p><b>09.04</b></p>	<p><b>Økonomi</b></p> <p><u>REKNESKAP 2015</u>  Budsjettet for 2015 vart sett opp med ein differanse mellom utgifter og inntekter på kr. 289.000. Differansen skulle dekkjast opp ved bruk av bundne prosjektmidlar.</p> <p>Rekneskapstala for 2015 viser at det ikkje var behov for å bruke av bundne midlar, og at rekneskapet balanserer med eit overskott (ubrukte midlar) på kr. 76.217. Hovudårsaken til dette var at kostnader til overvaking vart mindre enn budsjettert (differanse ca kr. 88.000) og at overhead til Tinn kommune for 2015 (kr 80.000) blir utbetalt i 2016. I tillegg overførte Tinn kommune meir til prosjektet enn oppsett i finansieringsplanen (ca kr. 129.000).</p> <p>Ubrukte midlar for 2015 kr. 76.217 er avsatt i bundne prosjektmidlar. Bundne prosjektmidlar for perioden 2010-2015 er tilsaman kr. 564.509.</p> <p>Vassområdet har i tidlegare år motteke tilskott frå Buskerud fylkeskommune/vassregionen. Det går ikkje fram av rekneskapsføringa i Tinn kommune at det er overført midlar til vassområdet frå Buskerud fylkeskommune i 2015.</p> <p><u>Tilråding frå arbeidsgruppa (AU) til styringsgruppa:</u>  AU anbefaler styringsgruppa å godkjenne rekneskapet for 2015.</p> <p><u>Kommentar:</u>  Bergsland: Eit mål må vere å oppretthalde ein økonomisk buffer og dessutan oppretthalde kommunal deltaking med om lag same innsats; - ikkje mindre. Møtelyden var einig i dette.</p> <p><u>Vedtak:</u>  Rekneskapet for 2015 godkjent.</p> <p><u>Oppfølging:</u>  Prosjektleiar har undersøkt med Buskerud fylkeskommune v/ Hilde Reine om fylkeskommunen har overført midlar til vassområda for 2015. Det vart ikkje overført midlar til vassområda for 2015, men desse midlane vil bli overført i år.</p>

### BUDSJETT 2016

Budsjettet er sett opp med ein differanse på kr. 199.000 mellom utgifter og inntekter. Dette beløpet blir dekt opp ved bruk av bundne prosjektmidlar.

Resten av bundne midlar (kr. 365.509) kan ved behov nyttast til overvaking (undersøkingar/ problemkartlegging/ utredningar) av vassforekomstane. Dette i tillegg til kr. 115.000 som er avsatt til overvaking i budsjettet.

#### Tilråding frå arbeidsgruppa (AU) til styringsgruppa:

AU anbefaler styringsgruppa å vedta budsjettet for 2016. Timar/ kjøreutgifter som prosjektleiar brukar på prøvetaking av vassforekomstane i 2016 bør først på posten "overvaking" i rekneskapet for 2016.

#### Vedtak:

Budsjettet for 2016 godkjent (vedlagt). Timar og kjøreutgifter som prosjektleiar har i samband med vassprøvetaking skal posterast på overvaking i rekneskapet for 2016.

### **09.05 Overvakingsprogram 2016 for Aust-Telemark vassområde**

Forslag til overvakingsplan var sendt ut med sakspapira. Dette forslaget er sett opp etter drøftingar mellom Fylkesmannen, Tinn kommune (miljøvernrådsgjevar og tekn.sjef) og prosjektleiar. Arbeidsgruppa har ikkje gjort endringar i forslaget.

#### Tilråding frå arbeidsgruppa (AU) til styringsgruppa:

AU anbefaler styringsgruppa å godkjenne overvakingsplanen for 2016.

#### Kommentarar/spørsmål:

Gunleiksrud stilte spørsmål om kvifor røyebestanden i Møsvatn har vorte så låg? Prosjektleiar viste til følgjande rapport (rapporten sendt ut til styringsgruppa/arbeidsgruppa i e-post 2/5):

Brabrand, Å. 2011. Rekrutteringssvikt hos røye i Møsvatn, Telemark. Mulige årsaker. Naturhistorisk museum, Universitetet i Oslo. Rapport nr. 14, 1-28.

Rapporten konkluderer med at delar av gyteområda til røya blir tørrlagt før røyeungane er i stand til å søkje mot djupare vatn, og anbefaler derfor at tappemønsteret på ettervinteren blir endra og at magasinet ikkje blir tappa under kote 910 før etter 1.mars. Masseforflytting i gyteområde i samband med kanalisering mellom delar av bassenget kan også ha forsterka rekrutteringssvikten.

Bergsland: Mange lag/ foreiningar/privatpersonar har analysedata frå fiskevatn.

Kjellsen: Dette er data som bør vurderast i samband med overvaking og karakterisering/ klassifisering. Vassområdet bør ha ein avtale med Fjellab om å få tilsendt resultat frå prøvetakingar som lag/foreiningar gjennomfører i fiskevatn.

#### Vedtak:

Overvakingsplanen for 2016 godkjent.

## 09.06 Fylkeskommunale midlar til vassforvaltningsprosjekt

Vassområda kan søkje Telemark fylkeskommune om midlar til vassforvaltningsprosjekt som har relevans til regional plan for vassforvaltning i vassregion Vest-Viken 2016-2021.

### Forslag til prosjekt frå arbeidsgruppa (AU):

#### *1. Implementering av vatn/vasskraftutbygging i undervisningsopplegget om verdensarven*

Vasskraftutbygginga i Vestfjorddalen er eit viktig grunnlag for verdensarven på Rjukan - Notodden. Vatn/ vasskraftutbygginga bør implementerast i undervisningsopplegget om verdensarven som skal utarbeidast for barnehagar/ skular (t.o.m. vidaregåande skule).

### Synspunkt/kommentarar:

Huitfeldt: Vatn/vasskraftutbygging med m.a. Møsvatn/ Skinnarbu-området er eit naturleg tema i undervisningsopplegget om verdensarven. Dette vil også sette meir fokus på Vinje i samanheng med verdensarven.

Rønningen: Møsvass-området er interessant. Forslag om at vassområdet har ei befaring i området, evt. i samanheng med eit styringsgruppemøte lagt til Villreinsenteret på Skinnarbu. Resten av møtelyden var samd i dette.

#### *2. Turveg langs nedre Måna*

Det vart i 2007 inngått ein avtale mellom Norsk Hydro Produksjon/ Øst-Telemarkens Brukseierforening (NHP/ØTB) og Tinn kommune om at det m.a. skal gjennomførast biotoptiltak for fisk i Måna og opparbeidast turveg langs elva. Før arbeidet med turveg og biotoptiltak kan starte har NHP/ØTB sett som vilkår at trasé for turveg og grunneigaravtalar er på plass. D.v.s. at grunneigaravtalar for vegen må vera i orden før arbeidet med biotoptiltak i elva kan gjennomførast.

### Synspunkt/ kommentarar:

Strande: Biotoptiltak i Måna vil gje ei betre elv for fisk/ fiske. Det kan vera riktig å støtte arbeidet med grunneigaravtalar, sidan dette må vera på plass før det kan gjennomførast biotoptiltak.

Bjørnsen: Det er innført minstevassføring på strekninga. For at fisken skal ha størst muleg nytte av vatnet, er det viktig å få gjort biotoptiltak.

Bjørnsen: Etablering av turveg langs Måna er eit hovudtema i det pågåande planarbeidet med revisjon av kommunedelplanen for Vestfjorddalen, og kommunen har alt lagt ned mykje arbeid med å avklare trasévalg.

### Oppfølging:

Verdsarvprosjektet/fylkeskommunen har lyst ut ei stilling som prosjektleiar for å utvikle eit undervisningsopplegg for Rjukan - Notodden industriarv, tilpassa barn og ungdom f.o.m barnehage t.o.m. vidaregåande skule. Sjå også: <http://www.telemark.no/Aktuelt/2016/Lager-undervisningsprosjekt-om-verdensarven>

Vassområdet bør spele inn til dette prosjektet at det er viktig at vatn/ vasskraftutbygging blir implementert i undervisningsopplegget.

Vassområdet søkjer fylkeskommunen om midlar til arbeidet med å få på plass grunneigaravtalar og

	endeleg trasé for turveg langs Måna.
<b>09.07</b>	<b>Eventuelt</b> Ingen saker.

Atrå, 10.05.2016

Ragnar Gunleiksrud (sign.)  
leiar

Vedlegg:      Årsrapport 2015  
                  Budsjett 2016, vedteke i styringsgruppa 21.04.2016